



Sogn og fjordane fylkeskommune har ansvar for fylkesvegane, avgjer kva prosjekt som skal gjennomførast kvart år og gir politiske føringar for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegg, byggjer, driftar og held ved like fylkesvegane for fylkekommunen.

SMS-varsling for fylkesvegar i Stryn

SMS-varsling i samband med vegstenging på fv. 60 Byrkjelo–Stryn

Statens vegvesen vil ta i bruk SMS-varsling i samband med vegarbeid og andre forhold som hindrar trafikken på fv. 60 Byrkjelo–Stryn. Dei som ønsker det kan slik få gjeldande stengingstidspunkt i samband med vegarbeida på SMS. Vi vil også sende ut SMS om det skjer uføresette stengingar, eller det er andre problem med framkomst på denne strekninga.

- Registrer deg ved å sende SMS-melding med teksten «**OLDEN START**» til nr. **2252**
- Dersom du seinare ikkje ynskjer denne tenesta, sender du ei SMS-melding med teksten «**OLDEN STOPP**» til nr. **2252**

SMS-varsling i samband med stenging av rasutsette vegar

Fv. 722 Sunde–Flo, fv. 723 Loen–Bødal og fv. 724 Olden–Briksdal er vegar som ofte vert stengde av ras eller rasfare vinterstid. Statens vegvesen held fram med SMS-varsling til alle som ynskjer varsling om vegstengingar på desse vegane. Ved å registrere mobiltelefonnummeret ditt vil du få varsel på SMS når ein av desse vegane er stengde på grunn av ras eller rasfare. Tenesta er felles for dei tre fylkesvegane.

- Registrer deg ved å sende SMS-melding med teksten «**RAS STRYN START**» til nr. **2252**
- Dersom du seinare ikkje ynskjer denne tenesta, sender du ei SMS-melding med teksten «**RAS STRYN STOPP**» til nr. **2252**

Tenestene er gratis.

Oppdaterte vegmeldingar får du på vegvesen.no, på tlf. 175 eller ved å abonnere på SMS-varsling.
